

Møtebok FR 17.desember 2019

Råd/utval:	Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid:	Tirsdag 17.desember kl. 17:00. (Avtroppande fellesråd) Tirsdag 17.desember kl. 18:00. (Påtroppande fellesråd)
Møtestad:	Kyrjekontoret
Opning:	Jørgen

TIL STADES:

Avtroppande medlemmer:

Marit Stalheim Grimstad, Lovise Sæbø Heimro, Nils Dale Elde , Kjellaug Stautland Eide, Sverre Olav Svarstad (kommunal representant), Jørgen Knudsen (geisteleg representant) og Liv Kari Bru (kyrkjevevje/dagleg leiar) .

Påtroppande medlemmer:

Marit Stalheim Grimstad, Jens Arne Stautland, Dag Sele, Nils Dale Elde, Øyvind Kyvik (kommunal representant, Jørgen Knudsen (geisteleg representant) og Liv Kari Bru (kyrkjevevje/dagleg leiar)

I tillegg var varamedlemene innkalt til dette møtet. Følgjande møtte:

Heine Kaldefoss (1.vara Nysæter), Karen Valvatne (2.vara Nysæter), Anders Dahl (1.vara Stord) og Olav J.Oma (vara geisteleg representant)

SAKLISTE kl. 17:00 (avtroppande medlemmer)

-  Godkjenning av innkalling og sakliste.
GODKJENT utan merknadar.
-  Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 29. oktober 2019
GODKJENT utan merknadar.
-  Førebuing av sak 2019/28: Driftsbudsjett 2020.
Avtroppande fellesråd har handsama framlegg til budsjett i oktober 2019 og i AU i desember 2019. Avtroppande fellesråd anbefalar at det påtroppande fellesrådet vedtek det framlagde budsjettet frå kyrkjevevja.

SAKLISTE frå kl. 18:00 (avtroppande og påtroppande fellesråd)

-  Godkjenning av innkalling og sakliste.
GODKJENT med ei sak under eventuelt: SØKNAD frå Stord sokneråd om pengestøtte til kyrkjebladet SPIRA.

- ✚ Presentasjon av avtroppande og påtroppande medlemmer i fellesråd.
- ✚ Kort innføring i fellesrådet sine oppgaver v/ kyrkjeverje Liv Kari.
- ✚ Informasjon om kva avtroppande fellesråd har jobba med samt pågåande saker som det nye fellesrådet overtek. v/ avtroppande leiar i fellesrådet: Marit Stalheim Grimstad.
- ✚ Referat, meldingar, orienteringar:
 - Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag Sele & Nils Dale Elde
 - Soknerådet har hatt konsituerande møte i kombinasjon med vellukka dagsseminar.
 - Fokus: Frivillige, OVF-søknad om midlar, mogleg organisering/justering av underutvalg og komitear.
 - Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Marit Stalheim Grimstad & Jens Arne Stautland.
 - Konstituering.
 - Fokusområde.
 - OVF-søknad om midlar.
 - Referat frå Kyrkjestova Fredheim 20.11.19 samt handlingsplan. (vedlagt)
 - Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
 - André Eide spelar i gravferder torsdagar frå 01.01.2020.
 - Runar Tegle Karlsen er ny kyrkjetenar i Nysæter annakvar helg frå 01.01.2020. (Ingrid Grimstad har sagt opp frå same tidspunkt)
 - Nytt frå rehabilitering/vedlikehald av kyrkjene.
 - Nytt frå gravplassane.
 - Ny kommunal representant i fellesrådet: Øyvind Kyvik (H)
Vararepresentant: Torbjørn Brosvik (Krf)
 - Geisteleg representant i fellesrådet: Jørgen Knudsen
Vararepresentant: Olav J. Oma
 - Info om kurs for nye fellesråd i Bergen torsdag 06.02 *eller* i Aksdal mandag 02. mars 2020. Dette kurset må prioriterast høgt.
Til saka: Det påtroppande fellesrådet ynskjer å prioritera kurset i Bergen 06.02.2020.

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2019/25 002.32 Val av leiar og nestleiar i fellesrådet for 2020.

Vedtak:

Dag Sele er valgt til leiar i Stord kyrkjelege fellesråd for 2020

Marit Stalheim Grimstad er valgt til nestleiar for Stord kyrkjelege fellesråd for 2020

Samrøysta vedteke.

2019/26 002.33 Val av medlemer i administrasjonsutvalet for 2020.

Vedtak:

Stord kyrkjeleg fellesråd oppnemner følgjande representantar frå fellesrådet til administrasjonsutvalet, gjeldande frå 17. desember 2019:

- *Leiar i FR, Dag Sele.*
- *Nestleiar i FR, Marit Stalheim Grimstad.*

Samrøysta vedteke.

2019/27 131 Økonomirapport pr. 30.11. 2019.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd tek økonomirapport pr. 30.11.2019 til orientering.

Samrøysta vedteke.

2019/28 112 Driftsbudsjett 2020.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd vedtek det framlagde driftsbudsjettet med bruk av midlar frå ubunde fond (kr. 79.963) Fellesrådet uttrykkjer uro over å bruka fondsmidlar til drift.

Samrøysta vedteke.

2019/29 153 Kremasjonstilskot og fordeling til pårørende 2020.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd refunderer kr. 2.250,- av kostnadane til pårørende pr. kremasjon.

Samrøysta vedteke.

2019/30 273 DØGNET 10.-11.januar 2020.

Vedtak:

Fellesrådet tek orienteringa frå kyrkjeverja til orientering.

Samrøysta vedteke.

2019/31 020 Møteplan 1.halvår 2020.

Vedtak:

Stord kyrkjeleg fellesråd vedtek følgjande møteplan for 1. halvår 2020:

AU: Onsdag 29. januar kl. 15.30 FR: Onsdag 12. februar kl. 17.00

AU: Onsdag 01. april kl. 15.30 FR: Onsdag 15. april kl. 17.00

AU: Onsdag 27. mai kl. 15.15 FR: Tirsdag 16. juni kl. 17.00

Samrøysta vedteke.

Eventueltsak:


2019/32 020 Søknad om støtte til kyrkjebladet SPIRA.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd innvilger søknaden frå Stord sokneråd om kr. 30.000 til kyrkjebladet SPIRA.

Samrøysta vedteke.

Stord 17. desember 2019
For Stord kyrkjelege fellesråd



Dag Sele
Leiar

Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar

**Neste møte i fellesrådet er
onsdag 12. februar 2020**